

ÅRSRAPPORT - SVEIO (2023)

1. Informasjon om eininga

Navn på eininga

Sveio

Sokn i eininga

Sveio menighet, Valestrand og Førde menighet

Fellesråd

Sveio kyrkjelege fellesråd

Bispedøme

Bjørgvin bispedøme

Antall medlemmer 0-17 (18 årskull) og tilhøyrige 0-åringa i eininga

1007

Totalt antall medlemer i eininga

4437

Antall gjennomførte dåp i 2023

47

Første år i gjennomføringsfase

2011

Fasen eininga er i no

Driftsfase

Første år i denne fasen

2014

2. Stillinger og samarbeid

Eininga sin kontaktperson

Haldis Rolfsnes Stueland

Telefonnummer

arbeid

53748427

Mobiltelefon

91837056

Kontaktpersonens e-post-adresse

haldis.rolfsnes.stueland@sveiokyrkja.no

Alle stillinger heilt eller delvis finansiert av trusopplæringsmidler

	Stillingstittel	%
1 .	Kyrkjelydspedagog	40
2 .	Trusopplærer	25

	Stillingstittel	%
3 .	Kontorsekretær	5

Kommentar til stillinger:

Stillinga som kyrkjelydspedagog er på 60%, men 20% av stillinga er finansiert av fellesrådet sine midlar.

Kontorsekretær fekk auka stillinga med 10% pga auka arbeidsmengd i samband med trusopplæringstiltak. 5% av auken er finansiert av trusopplæringsmidlar

Samarbeider eininga med andre organisasjonar?

Ja

Kva slags?

KFUM, Søndagsskolen Norge, Norsk Speiderforbund (lokal speidargruppe), Sveio barnesang, Ungdomsarbeidar i Sveio kommune (Ung Sveio), Dagsenteret på Sveio omsorgssenter.

Kva slags erfaringer gjorde de på grunnlag av samarbeidet?

Gode erfaringar med samarbeid om leiarkurs for ungdom(MILK- og LIV-kurs), leirar for ungdomsleiarar og konfirmantleir. Me samarbeider med søndagsskulane og Sveio barnesang om barnegudstenester og Krølletreff for 2-åringar. Med norsk speiderforbund har me eit godt etablert samarbeid om friluftsgudsteneste 2. påskedag. Våren 2023 starta me samarbeid med dagsenteret på Sveio omsorgssenter om nokre babysangstunder der. Det har vore givande både for foreldrene med babyar og til glede for dei eldre på dagsenteret. Det nye tilbodet vårt "Etter skoletid" er innmeldt i Søndagsskolen Norge, og me får tilgang på ein del ressursar frå dei til arbeidet i gruppa.

3. Læring og utvikling

Kva er dei viktigaste erfaringane de har gjort i år?

Det nye kontinuerlege arbeidet "Etter skoletid" som blei starta opp hausten 2022, har gitt oss betre og meir jamnleg kontakt med ein del av barna, og me begynner å sjå at det har verknad på deltaking på punkttiltak og på deltaking i Tweensklubb for barna som har vakse ut av "Etter skoletid".

Me ser at dei aller fleste av dei som gjekk på dåpsskule for 2.klassingar i Sveio, har blitt med vidare på "Etter skoletid".

Me har fått ei god og ivrig gruppe av frivillige kjøkenmedarbeidarar til "Etter skoletid", som og seier seg villige til å vera med på tilsvarande oppgåver i andre tiltak.

Kva for behov ser de for utvikling av nytt materiell?

-

Kva slags kompetanseutviklingstiltak (grunn, videre- og etterutdanning, kurs osv) ser de behov for?

-

4. Tiltak og tiltaksrapporter

Tiltak i en systematisk og sammenhengende trosopplæring for alderen 0–18 år, med rapporter

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timar	Samla for målgrupper
0	Babysang	19	29	29
0	Dåp	1	2	2
0	Dåp	1	2	2
0	Dåpssamtale	1	1	1
0	Dåpssamtale	1	1	1
1	Dåpshelsing til 1 års dåpsdag	0	0	0
2	Dåpshelsing til 2 års dåpsdag	0	0	0
2	Krøllekveld	1	2	2
3	Dåpshelsing til tre års dåpsdag	0	0	0
4	Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok	1	2	2
4	Gudsteneste med utdeling av 4-årsbok	1	2	2
4-6	Barnegudsteneste med barnesang og aspirantkor	1	3	9
6	Barnegudsteneste med utdeling av 6-årsbok	1	2	2
6	Gudsteneste med utdeling av 6-årsbok	1	2	2
6	Karneval	1	2	2
6-9	Karnevalsgudsteneste	1	2	8
7	Dåpsskule for 7-åringar	7	10	10
7-8	Dåpsskule	7	10	20
7-8	Gudsteneste med dåpsskulebarn og tårnagentar	1	2	4
8	Aktivitetsdag	1	8	8
8	Tårnagenthelg	2	8	8
8-9	Etter skoletid	9	18	36
9	"På sporet av Jesus"	1	5	5
9-10	Tårnagenthelg	2	8	16
11	Utdeling av Bibelen til 11-åringane	1	2	2
11	Utdeling av Bibelen til 11-åringane	1	2	2
11-12	Lys Vaken	1	16	32
11-12	Påskecamp	1	20	40
11-13	Bursdagsfest for kyrkja	1	4	12
12	Lys vaken	1	16	16
13	Friluftsløir	1	14	14
14-15	Ungdomsklubb	16	32	64
15	Konfirmantundervisning og konfirmasjon	20	60	60
15-18	Førebuing Ung Messe	1	2	8
15-18	UNG MESSE	1	3	12
16	MILK-kurs (Minileiarkurs)	7	25	25

Tiltak i planen retta mot det enkelte alderstrinn																			
Alderstrinn	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tal	5	1	2	1	3	1	5	4	6	4	1	5	4	2	1	4	3	2	2

Passive tiltak

Alder	Namn på tiltaket	Omfang i samvær	Omfang i timar	Samla for målgrupper
4-6	Barnegudsteneste	1	3	9
7-8	Aktivitetsdag	1	8	16

Øvrige tiltak

Alder	Namn på tiltaket
1-6	Sveio barnesang
2-10	Søndagsskule i Eikeland kapell
2-10	Valestrand søndagsskule
4-10	Førde søndagsskule
6-8	Sveio barnekor Aspirantkor
8-13	Sveio barnekor - 3.-7. kl.
9-13	Auklandshamn Yngreslag
9-13	Fredagstreff på Bråtveit
10-13	KidsHouse
10-13	Tweensklubb
13-18	SveiSing
13-18	Vokalgruppe

Aldersgruppe

0

Det er 47 medlemmer i aldersgruppa 0 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet er i kyrkja og erfarer kyrkjerommet.

Barnet høyrer og erfarer song og musikk, reglar og rytme. Barnet opplever glede og fellesskap.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 19

Totalt tal på timar for alle samlinger: 29

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 29

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

Kommentarar

Fellestiltak for alle kyrkjelydane. Foreldre/føresette og born frå begge sokna og alle kyrkjelydane deltar på babysang i Sveio kyrkje.

Tiltaket har vore i gang sidan 2009

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Kjenna seg sett og verdsett. Støtta god sjølvkjensle og byggja opp sjølvtilitt i tilhøvet forelder-barn.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Presenterer det sentrale i evangeliet gjennom enkle barnesongar og gjennom møte med menneska.

Barnet kjenner på atmosfæren i kyrkjerommet.

Barnet som verdifull skapning -Salme 139

Syng bønnesalmar og kjende kristne barnesongar

Vær meg, å Gud

Ingen er så trygg i fare,

Min båt er så liten

Hvor er du, Krølle?

Velsigninga

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngja og be. Barna får vera saman i kyrkja med sine føresette. Oppleva fellesskap gjennom leik og måltid
Motta omsorg.

Relasjonar mellom menneske blir styrka. Barnet får del i det gode. Velsigninga

Arbeidsmåtar

-Tidsavgrensa breiddetiltak.

- Anna kvar veke
- Song, kristne barnesongar, rim og reglar.
- Bruk av piano, rytmeinstrument o.a.
- Enkelt måltidsfelleskap (frukt,saft)
- Samtale

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
0- år	25	89% av 28
Totalt oppmøte: 25		Total oppslutning: 89% av 28

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
0- år	12	63% av 19
Totalt oppmøte: 12		Total oppslutning: 63% av 19

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	0

Antall	
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Kva fungerte bra? Kva kan bli betre? Tips til neste år?

-

Aldersgruppe

0

Det er 47 medlemmer i aldersgruppa 0 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet blir døypt.

Barnet blir tatt imot i kyrkjelyden.

Barnet mottar Guds nådemiddel i dåpen og blir tatt inn i kyrkjelyden.

Barnet og familien får eit godt møte med kyrkja og fellesskapet.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Prest

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Barnet og foreldrene får i dåpshandlinga ei stadfesting av barnet sin unike verdi som Guds skapning og Guds barn.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsliturgi

- Dåpsbefalinga Matt 28,16-20

- Jesus og borna Mark 10,13-16

Dåpssalmer , anten:

Det skjer et under i dåpen.

Fylt av glede over livets under .

Milde Jesus

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Be for og med barnet

- Tenna lys

- Delta i liturgi og salmar

- Delta i dåpshandlinga

Arbeidsmåtar

Dåpsgudstjeneste

-Dåpslys

-Dåpsplakat/klut

-Fadderhelsing

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
0- år	26	93% av 28
Totalt oppmøte: 26		Total oppslutning: 93% av 28

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	7
Frivillege	11

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

0

Det er 47 medlemmer i aldersgruppa 0 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet blir døypt

Barnet blir tatt imot i kyrkjelyden

Barnet mottar Guds nådemiddel i dåpen og blir tatt inn i kyrkjelyden.

Barnet og familien får eit godt møte med kyrkja og fellesskapet.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Prest som forrettar gudstenesta

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Barnet og foreldrene får i dåpshandlinga ei stadfesting av barnet sin unike verdi som Guds skapning og Guds barn.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsliturgi

- Dåpsbefalinga Matt 28,16-20

- Jesus og barna Mark 10,13-16

Dåpssalmer

- Det skjer et under i verden.

- Fylt av glede over livets under .

- Milde Jesus

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Be for og med barnet

- Tenna lys

- Delta i liturgi og salmar

- Delta i dåpshandlinga

Arbeidsmåtar

Dåpsgudstjeneste

Dåpslys

Dåpsplakat og dåpsklut

Fadderhelsing

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
0- år	19	100% av 19
Totalt oppmøte: 19		Total oppslutning: 100% av 19

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	7
Frivillege	9

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

0

Det er 47 medlemmer i aldersgruppa 0 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet blir døpt.

Barnet blir tatt imot i kyrkjelyden.

Foreldre får orientering om dåpen, innhald og korleis det går føre seg i kyrka.

Foreldre får orientering om babysang og om tilbod i trusopplæring vidare.

Foreldre blir minna om ansvaret sitt, å oppdra barnet i kristen tru.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 1

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 1

Ansvarleg

Prest som forrettar dåpen

Kommentarar

Tiltaket er innarbeidd

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Foreldra fortel om barnet. Kyrkja ønskjer å vera medspelar når det gjeld barnet og familien sitt verdigrunnlag

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsliturgi

- Dåpsbefalinga Matt 28,16-20

- Jesus og barna Mark 10,13-16

Dåpssalmer ,

Det skjer et under i verden.

Fylt av glede over livets under .

Ingen er så trygg i fare.

Milde Jesus

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Bera borna fram for Gud, innlemma dei i kyrkja.

- Be for og med barnet

- Tenne lys

- Delta i liturgi og salmar

- Delta i dåpshandlinga

Arbeidsmåtar

Samtale. Besøk i heimen eller dåpsmøte i kyrkja om det er mange dåp i same gudstenesta.

Gir dåpsbok "I Guds hand"

Informasjon om Babysang og om trusopplæringa barnet vil møte i kyrkjelyden. Gir informasjonsfoldar om

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
0- år	26	93% av 28
Totalt oppmøte: 26		Total oppslutning: 93% av 28

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	4
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

0

Det er 47 medlemmer i aldersgruppa 0 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Foreldre får orientering om dåpen, innhald og korleis dåpen går føre seg i kyrkja.

Foreldre får orientering om babysang og om tilbod i trusopplæring vidare.

Foreldre blir minna om ansvaret sitt, å oppdra barnet i kristen tru.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 1

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 1

Ansvarleg

Prest som forrettar dåpen

Kommentarar

Tiltaket er innarbeidd

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Foreldra fortel om barnet. Kyrkja ønskjer å vera medspelar når det gjeld barnet og familien sitt verdigrunnlag

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpsliturgi

Dåpsbefalinga Matt 28,16-20

Jesus og barna Mark 10,13-16

Dåpssalmer ,

Det skjer et under i verden.

Fylt av glede over livets under .

Ingen er så trygg i fare.

Milde Jesus

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

- Be for og med barnet

- Tenna lys

- Delta i liturgi og salmar

- Delta i dåpshandlinga

Arbeidsmåtar

Dåpssamtale. Besøk i heimen, familien kjem på presten sitt kontor eller dåpsmøte i kyrkja om det er mange dåp i same gudstenesta.

Gir dåpsbok "I Guds hand"

Informasjon om trusopplæringa barnet vil møta frå 0-18 år.

Gir informasjonsfoldar om trusopplæringa i Sveio og brosjyre om Babysang.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
0- år	19	100% av 19
Totalt oppmøte: 19		Total oppslutning: 100% av 19

Kommentar til oppslutninga**Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?**

0

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	4
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

1

Det er 41 medlemmer i aldersgruppa 1 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet og familien blir minna om dåpen.

Barnet får eit kveldsbønbilde med sangen "Eg faldar mine hender små"

Barnet opplever at tru, sang, og bønn har ein naturleg plass i heimen.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 0

Totalt tal på timar for alle samlinger: 0

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 0

Ansvarleg

Kontorsekretær

Kommentarar

Identisk tiltak for sokna og alle kyrkjelydane

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Gjennom kveldsbøn skal barnet få kjenna at det er trygt å be til Gud. Barnet får oppleve tryggleik ved leggetid.

Barnet får tru på at Gud høyrer og vernar om det.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Læra ulike kveldsbønner og kristne songar

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Be kveldsbøn. Syngja bønnesangar.

Arbeidsmåtar

Kyrkjekontoret sender gåve og dåpsdagshelsing til barnet gjennom postsending.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
1- år	29	100% av 29
Totalt oppmøte: 29		Total oppslutning: 100% av 29

Tal	Oppslutning
Totalt oppmøte: 29	Total oppslutning: 100% av 29

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
1- år	12	100% av 12
Totalt oppmøte: 12	Total oppslutning: 100% av 12	

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

2

Det er 39 medlemmer i aldersgruppa 2 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet og familien blir minna om dåpsdagen.

Barnet får ein brosjyre "To år sidan dåpen" (IKO-forlaget)

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 0

Totalt tal på timar for alle samlinger: 0

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 0

Ansvarleg

Kontorsekretær

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Barnet blir minna om at det er tatt imot og velsigna av Gud.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Velsinginga (4. Mos 6,24-26)

Teksten om når Jesus tar imot småborna (Markus 10)

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Hjelp til å markera dåpsdagen ved å tenna dåpslys og snakka saman om dåpen, gjerne ta fram bilder frå dåpen.

Arbeidsmåtar

Kyrkjekontoret sender dåpshelsing til barnet gjennom postsending

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
2- år	25	109% av 23
Totalt oppmøte: 25		Total oppslutning: 109% av 23

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
2- år	14	88% av 16
Totalt oppmøte: 14		Total oppslutning: 88% av 16

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

2

Det er 39 medlemmer i aldersgruppa 2 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Å samla toåringar og foreldre til ein kveld med sang, forteljing og kveldsmat og å dela ut toårsbok, samt lammet Krølle.

Tiltaket er eit ledd i å halda kontakten med familiane til dei døypte barna, der me spelar på gjensyn etter babysang og samarbeid med Sveio barnesang, der ein del av toåringane deltek jamnleg.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog i samarbeid med leiarar i Sveio barnesang og andre frivillige medarbeidarar

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Den døypte er trygg hos Gud. Gud har omsorg for og tek vare på sine barn.

Barnet skal kjenna fellesskap med andre born og familiar i kyrkjelyden.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bibelforteljinga om den gode gjetaren som leita etter sauene som gjekk seg bort (Luk 15, 4-10)

Songar:

"Hvor er du, Krølle, mitt lille lam?"

"Ingen er så trygg i fare"

"Velsigninga"

Bordbønn

Kveldsbønn. "Eg faldar mine hender små" eller avslutningssangen til barnesang: "Takk at dine englar alltid passar på..."

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngja, be og vera saman i eit fellesskap.

Arbeidsmåtar

Syngja enkle og kjende songar frå repertoaret i Barnesangen og Babysangen.

Fortelja bibelforteljinga "Den bortkomne sauene" gjennom drama og barna sin medverknad i å leita.

Kveldsmåltid

Dela ut toårsbok og lam.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
2- år	9	39% av 23
Totalt oppmøte: 9		Total oppslutning: 39% av 23

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
2- år	5	31% av 16
Totalt oppmøte: 5		Total oppslutning: 31% av 16

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	1

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Kva fungerte bra? Kva kan bli betre? Tips til neste år?

Brukte Ungdomsrommet. Kyrkjelydspedagog tok imot i gangen og ønskte velkommen. I rommet var medarbeidar frå Barnesangen som viste dei tilrette og starta ei sangøkt med songar frå Barnesang. Ho annonserte besøk og kyrkjelydspedagogen kom inn kledd som gjetar, fortalde om lammet som mangla og fekk barna med for å leita etter Krølle. Song "Hvor er du Krølle"? og "Ingen er så trygg i fare" Barna fekk boka og lammet Krølle som var gøymt i ei skattekiste. Leik, bordvers og kveldsmat. Rommet og opplegget fungerte svært godt.

Aldersgruppe

3

Det er 41 medlemmer i aldersgruppa 3 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet og heimen blir minna om dåpsdagen.

Barnet får brosjyren "Tre år sidan dåpen" og "Bibelboka mi", med bibelforteljingar, song og bøn.

Heimen blir utrusta til å skapa situasjonar der tru, bibelforteljing, sang og bøn kan finna sin naturlege plass.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 0

Totalt tal på timar for alle samlinger: 0

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 0

Ansvarleg

Kontorsekretær

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Barnet får læra og sjå korleis Gud handlar med menneske, og sjå at Gud har omsorg for og kjærleik til mennesket.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Bibeltekstar frå det gamle og det nye testamente. Kort fribønn rundt eit tema. Kristne songar.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Dela bibelforteljingar og samtala om forteljinga. Syngja og be saman.

Arbeidsmåtar

Senda "Bibelboka mi" og brosjyren "Tre år sidan dåpen" som gåve til barnet. Hjelpa heimen gjennom å senda materiell til bruk for å dela kristen tru i heimen.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
3- år	22	79% av 28
Totalt oppmøte: 22		Total oppslutning: 79% av 28

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
3- år	15	115% av 13
Totalt oppmøte: 15		Total oppslutning: 115% av 13

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

4

Det er 42 medlemmer i aldersgruppa 4 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet deltar i gudsteneste-felleskapet.

Barnet deltar aktivt i gjennomføringa av gudstenesta, til dømes gjennom song, medverknad i preikedelen og i forbøna ved å tenne lys, bønnevandring.

Barnet får 4-årsboka.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Ein av sokneprestane

Kommentarar

Utdeling føregår i familiegudsteneste/barnegudsteneste. Årskullet blir delt i to, utdeling vår og haust.

I vårhalvåret blir boka delt ut i barnegudsteneste der og 3-åringar blir inviterte.

Om hausten blir boka delt ut i ei eiga familiegudsteneste.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barna opplever eigartilhøve til si kyrkje. Dette går igjen frå invitasjonen til gjennomføringa. Dei erfarer at dei er del av eit større fellesskap-kyrkjelyden.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Song

Bønn

Liturgi

Bibeltekstar:

Jesus stiller stormen (Mark 4, 35-41)

Jesus mettar fem tusen (Matt 14)

Jesus og barna (Mark 10,13-16)

Jesus og Sakkeus (Luk 19,1-10)

Skapinga (1. Mosebok 1)

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngja

Be

Få del i velsigninga

Syng for/med kyrkjelyden

Blir kjende med liturgien

Arbeidsmåtar

Feirer gudsteneste med utdeling av 4-årsbok.

-4-åringane deltar aktivt i gudstenesta: Syng saman med barnesang og kyrkjelyden.

-Song og bøn

-Utdeling av fireårsbok. Bruker IKO si 4-årsbok samt aktivitetshäfte.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
4- år	15	52% av 29
Totalt oppmøte: 15		Total oppslutning: 52% av 29

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	4
Frivillege	4

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

4

Det er 42 medlemmer i aldersgruppa 4 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet deltar i gudsteneste-felleskapet.

Barnet deltar aktivt i gjennomføringa av gudstenesta, til dømes gjennom song, medverknad i preikedelen og i forbøna ved å tenne lys, bønnevandring.

Barnet får 4-årsboka.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Ein av sokneprestane

Kommentarar

Utdeling føregår i familiegudsteneste i kvar kyrkjelyd

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet opplever eigartilhøve til si kyrkje. Dette går igjen frå invitasjonen til gjennomføringa. Dei erfarer at dei er del av eit større fellesskap;kyrkjelyden.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Song

Bønn

Liturgi

Bibeltekstar:

Jesus stiller stormen (Mark 4, 35-41)

Jesus mettar fem tusen (Matt 14)

Jesus og barna (Mark 10,13-16)

Jesus og Sakkeus (Luk 19,1-10)

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngja

Be

Få del i velsigninga

Syngja for/med kyrkjelyden

Bli kjende med liturgien

Arbeidsmåtar

Feirer gudsteneste med utdeling av 4-årsbok.

-4-åringane deltar aktivt i gudstenesta: opptreden og song.

-Undreturen er eit viktig verktøy for å få fullt utbytte av gudstenesta.

-Song og bøn

-Utdeling av fireårsbok. Bruker IKO si 4-årsbok samt aktivitetshefte.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
4- år	13	100% av 13
Totalt oppmøte: 13		Total oppslutning: 100% av 13

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	3
Frivillege	4

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Ja

Kva var grunntrekka i denne evalueringa?

Barnegudsteneste med barnesang og aspirantkor

Sveio, Valestrand og Førde

Aldersgruppe

4-6

Det er 149 medlemmer i aldersgruppa 4-6 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet deltar i ei enkel sanggudsteneste.

Barnet er med og syng kjende kristne barnesongar.

Barnet høyrer andre barn syngja.

Barnet opplever fellesskap og gode relasjonar til kyrkja, andre barn og familien.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 3

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 9

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog i samarbeid med prest, kantor og frivillige. Samarbeid med barnesang i Sveio og aspirantkoret i Sveio barnekor

Kommentarar

Fellestiltak for alle kyrkjelydane.

Kyrkjekaffi og leiketid etter gudstenesta

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet får kjenna seg verdifull, elska og ønska av Gud og i fellesskapet med andre.

Spirer til eit liv i tillit og tru på Gud blir skapt.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Fadervår

Velsigninga

Kristne barnesongar og songar frå norsk songtradisjon

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Syngja, be og vera saman i kyrkja.

Fadervår, Velsigninga, bordbøn, kveldsbøn

Markera høgtider og dåpsdag

Arbeidsmåtar

-Enkel sang- og aktivitetsgudsteneste med kjende songar frå Babysang og Barnesangen. Barnesang og Sveio aspirantkor deltar med sang i gudstenesta. Gudstenesta blir planlagt og gjennomført i samarbeid mellom leiarar i Barnesang og aspirantkor.

Open gudsteneste. Sender spesiell invitasjon til barnet i målgruppa med føresette og eventuelle søsken.

-Måltid

-Leiketid for borna

-Prestentasjon og utstilling av materiell til trusopplæring i heimen.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

Tal	Oppslutning
23	21% av 111

Valestrand og Førde

Tal	Oppslutning
7	18% av 38

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

Antall	
Ansatte	2
Frivillege	3

Valestrand og Førde

Antall	
Ansatte	1
Frivillege	2

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Ja

Kva var grunntrekka i denne evalueringa?

Aldersgruppe

6

Det er 45 medlemmer i aldersgruppa 6 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

6-åringane deltar i ei barnegudsteneste og får 6-årsboka.

Aspirantkoret og barnekoret medverkar i gudstenesta.

Barnet kjenner seg som ein viktig del av fellesskapet i kyrkja.

Barnet får høve til å delta i nattverden.

Barnet syng salmar og deltar i liturgien.

Barnet får høyra ei forteljing frå Bibelen

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Sokneprest, kyrkjelydspedagog, kantor

Kommentarar

Føregår på hausten, i november, gjerne ein kvardagskveld i øvingstida til barnekoret.

Aspirantkoret og barnekoret medverkar sterkt i gudstenesta. Ein del av 6-åringane er med i aspirantkoret

Deler ut 6-årsbok til 6-åringane.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barna kjenner seg som "Førsteklasses" – unik, skapt og elska av Gud Ein augestein for Gud. Skapt i Guds bilete til fellesskap med Gud og kvarandre

Barna skal læra og kjenna at Gud bryr seg om det enkelte mennesket. Guds forteljingar er aktuelle i dag.

Oppleva at Gud er sterk og står på dei svake si side.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Forteljingar frå det gamle testamentet.

Den Heilage Gud.

Tekstar:

Moses og tornebusken (2.Mos 3,1-15)

David og Goliath (1.Sam 17)

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Delta i gudsteneste

Syngja salmar

Be Fadervår

Tenna lys

Arbeidsmåtar

Gudsteneste

Dela ut bok (6-årsbok eller bok med bibelforteljingar)

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
6- år	11	33% av 33
Totalt oppmøte: 11		Total oppslutning: 33% av 33

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	2

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Kva fungerte bra? Kva kan bli betre? Tips til neste år?

I år blei det ikkje barnegudsteneste, men ei førjulssamling der barnekoret song for og med 6-åringane, og der kyrkjelydspedagogen fortalde juleevangeliet i Sveio kyrkje, før samlinga fortsette med førjulskos og utdeling av 6-årsboka i soknehuset.

Det blei gjort slik, då barnegudstenesta i si tidlegare form ikkje kunne gjennomførast pga sjukdom hos korleiar, og vikaren hadde ei travel tid med øving til ein stor konsert i den tida barnegudstenesta var sett opp på planen. Samarbeidet med koret om 6-årssamlinga og forma på samlinga me hadde, fungerte fint, og er noko me kan byggja vidare på.

Aldersgruppe

6

Det er 45 medlemmer i aldersgruppa 6 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barna i soknet skal delta i ei gudsteneste og få 6-årsboka .

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Tilgjeving som forløysande handling. Be om, få og gi tilgjeving.

Sjå seg sjølv som ein verdifull skapning for Gud og for medmenneske.

Gode vennskap, hjelpa kvarandre.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Gudsteneste.

Bibelforteljingar i 6-årsboka

Edens hage.

Josef og brørne

Jesus blir døypt

Bartimeus

Den miskunnsame samaritanen

Påskeevangeliet

Pinse

Salmar og songar

Fader vår

Nattverdliturgi og nattverdfeiring

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Be Fadervår

Delta i nattverden

Syngja salmar og delta i liturgi

Arbeidsmåtar

Gudsteneste

Formidling av kristen tru og tradisjon gjennom 6-årsboka. Hjelpa heimen til å gi barna opplæring.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

Tal		Oppslutning
6- år	11	92% av 12
Totalt oppmøte: 11		Total oppslutning: 92% av 12

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

Antall	
Ansatte	3
Frivillege	6

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Ja

Kva var grunntrekka i denne evalueringa?

Aldersgruppe

6

Det er 45 medlemmer i aldersgruppa 6 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet blir kjent med seg sjølv.

Barnet blir utfordra på sin eigen identitet.

Barnet kjenner og opplever at det er unikt, skapt i Guds bilete.

Barnet kjenner livsglede og livsutfolding.

Barnet kjenner at det er trygt å kasta maska.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 2

Ansvarleg

Trusopplærar, Soknepresten i Sveio og eit team av frivillige

Kommentarar

Konfirmantar med som leiarar.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet kjenner og opplever at det er unikt, skapt i Guds bilete til å kjenna livsglede og livsutfolding.

Dei kreative evnene blir verdsette.

Det skal vera trygt å kasta maska og visa kven han/ho er.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Første trusartikkel. Gud er mennesket sin skapar.

Glede og takksemd for mennesket som Guds skapning.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Gleda seg over det unike ved kvar einskild skapning. Uttrykkja takksemd til Gud.

Arbeidsmåtar

Rollespel, samtale, leik.

Måltid

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
6- år	14	42% av 33
Totalt oppmøte: 14		Total oppslutning: 42% av 33

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
6- år	5	42% av 12
Totalt oppmøte: 5		Total oppslutning: 42% av 12

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	2
Frivillege	2

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	0
Frivillege	1

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

6-9

Det er 213 medlemmer i aldersgruppa 6-9 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barna feirer gudsteneste med livsglede og livsutfolding.

Barna blir utfordra på eigen identitet og til å tora å visa kven dei er.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 8

Ansvarleg

Soknepresten i Sveio og trusopplærar

Kommentarar

Fellestiltak for alle kyrkjelydane i Sveio. I Sveio kyrkje.

Karnevalgudstenesta bør vera knytt opp mot fastelavnssøndag. Nokre år blir fastelavnssøndag ein av søndagane i skulane sin vinterferie, og då er det ei utfordring å få deltaking, både av barn og medarbeidarar.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Kven er eg? Å tora å visa kven ein eigentleg er.

Barnet opplever at kyrkja gir rom for livsglede, livsutfolding og kreativitet.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Første trusartikkel. Gud er mennesket sin skapar. Glede og takksemd for mennesket som Guds skapning.

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Uttrykkje takksemd til Gud.

Gleda seg over det unike ved kvar enkelt skapning.

Arbeidsmåtar

Gudsteneste

Kostymar og masker

Kasta maska og visa kven dei er.

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

Tal	Oppslutning
36	24% av 152

Valestrand og Førde

Tal	Oppslutning
7	11% av 61

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	3
Frivillege	3

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	0
Frivillege	0

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Ja

Kva var grunntrekka i denne evalueringa?

Aldersgruppe

7

Det er 50 medlemmer i aldersgruppa 7 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet kjenner sentrale emne i kristen tru som dåp og nattverd.

Barnet møter sentrale bibelforteljingar som seier kven Jesus er og kva han gjer.

Barnet får kjennskap til den treeinige Gud.

Barnet lærer å be fri bøn og Fadervår.

Barnet kan tre liturgiske ledd i kyrkja.

Barnet lærer songar og salmar.

La barna kjenna fellesskap gjennom å dela forteljing og undring, måltid, sang og bønn.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 7

Totalt tal på timar for alle samlinger: 10

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 10

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog. Frivillige medarbeidarar

Kommentarar

Dåpsskulen i Sveio sokn blir arrangert like etter endt skuledag, i Sveio soknehus etter ein kort skuledag og ved Vikse skule ein annan dag same veke.

Born som går på Sveio skule blir henta ved skulen og følgde til soknehuset

Born på Vikse blir møtt utafor klasserommet og går samla til rommet me får låna til dåpsskulen.

Dåpsskule for 7-åringar blir første gong halde i 2020. Har hatt dåpsskule for 6-åringar t.o.m hausten 2018

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet får tru på at Gud ser, høyrer og hjelper, at han er tilstades i livet.

Gud har omsorg for oss.

Barnet får erfara vennskap og fellesskap.

Barnet erfarer at det kan be Gud om hjelp.

Barnet erfarer at det kan få og gi tilgjeving.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Skapinga, 1. Mos 1

Forteljinga om Bartimeus (Mark 10, 46-52)

Den bortkomne sonen (Luk 15, 11-32)

Den gode gjetaren (Luk 15, 1-7, Matt 18,12-14)

Barnet får høyra at dåpen er ei gåve frå Gud og at i nattverden deler Jesus seg sjølv med oss og knyter oss nærare til han.

Fadervår

Enkel liturgi "I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande" , den treeinige Gud. Bønnesvar: "Herre, høyr vår bøn", "Kyrie"

Velsigninga

Salmar: Måne og sol, Ingen er så trygg i fare, Det skjer et under i verden, Eg faldar mine hender små

Kyrie

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Be Fadervår

Syngja bønnesalme og andre salmar/songar saman.

Delta i liturgi

Ta imot velsigninga

Arbeidsmåtar

Forteljing

Undring

Leik

Teikna, farga eller forma

Måltidsfellesskap

Gudsteneste

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Hvis nei, gi utfyllende kommentar

Dåpsskolen for 7-åringane i 2023, blei utsett til januar-februar 2024

Aldersgruppe

7-8

Det er 112 medlemmer i aldersgruppa 7-8 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet kjenner sentrale emne i kristen tru, dåp og nattverd.

Barnet møter sentrale bibelforteljingar som seier kven Jesus er og kva han gjer.

Barnet får kjennskap til den treeinige Gud.

Barnet lærer å be fri bøn.

Barnet lærer å be Fadervår.

Barnet kan tre liturgiske ledd i kyrkja.

Barnet lærer songar og salmar.

Barnet kjenner fellesskap gjennom å dela forteljing og undring, måltid, song og bønn.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 7

Totalt tal på timar for alle samlinger: 10

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 20

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog og frivillige medarbeidarar

Kommentarar

Dåpsskule for 7- og 8-åringar blir arrangert annakvart år i Eikeland og annakvart år i felles for Valestrand og Førde . Felles dåpsskule for Valestrand og Førde har halvparten av samlingane i Valestrand kyrkje og halvparten i Valestrand kyrkje. Det blir gjennomført i vårhalvåret. Gudstenesta for dåpsskulen er felles for dåpsskulen i Valestrand og Førde, i Førde kyrkje.

Dåpsskulen blir arrangert på ettermiddagstid, ulik organisering, men likt innhald som i Sveio sokn.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet får tru på at Gud ser, høyrer og hjelper, at han er tilstades i livet.

Gud har omsorg for oss.

Barnet får erfara vennskap og fellesskap.

Barnet erfarer at det kan be Gud om hjelp.

Barnet erfarer at det kan få og gi tilgjeving.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Skapinga, 1. Mos 1

Forteljinga om Bartimeus (Mark 10, 46-52)

Den bortkomne sonen (Luk 15, 11-32)

Den gode gjetaren (Luk 15, 1-7, Matt 18,12-14)

Barnet får høyra at dåpen er ei gåve frå Gud og at i nattverden deler Jesus seg sjølv med oss og knyter oss nærare til han.

Fadervår

Enkel liturgi "I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande" , den treeinige Gud. Bønnesvar: "Høyr vår bøn, høyr vår bøn! Lat riket ditt koma, lat viljen din råda! Høyr vår bøn!" "Kyrie"

Velsigninga

Salmar: Måne og sol, Ingen er så trygg i fare, Det skjer et under i verden, Eg faldar mine hender små

Kyrie

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Be Fadervår

Syngja bønnesalme og andre salmar/songar saman.

Delta i liturgi

Ta omot velsigninga

Arbeidsmåtar

Forteljing

Undring

Leik

Måltidsfellesskap

Gudsteneste

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
7- år	1	6% av 17
8- år	3	20% av 15
Totalt oppmøte: 4		Total oppslutning: 12% av 32

Kommentar til oppslutninga

Dåpsskulen blei i 2023 halden i Eikeland kyrkjelyd, som er ein av tre kyrkjelydar i soknet. 50% av dei døypte barna i målgruppa deltok

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	1
Frivillege	1

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

7-8

Det er 112 medlemmer i aldersgruppa 7-8 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Første- og andreklassingane får utdelt boka "Forteljingar frå Bibelen".

Barna deltar i gudsteneste.

Barna frå dåpsskulen medverkar i gudstenesta.

Barna får høve til å delta i nattverden.

Barna lærer at Gud bryr seg om det einskilde mennesket.

Barnet lærer at bibelforteljingane er aktuelle i dag, inn i sitt eige liv.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 2

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 4

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog og prest

Kommentarar

Føregår på våren, i april, i den eller ei av kyrkjene det har vore dåpsskule det aktuelle året. Då det er få gudstenester i kvar kyrkjelyd i løpet av semesteret, blir dåpsskulegudstenesta lagt til Tårnagenthelga, der tårnagentane og deltar.

Invitera alle 1. og 2.-klassingane til gudstenesta, barn frå dåpsskulen deltek med oppgåver i gudstenesta.

Viktig at barn som ikkje har deltatt i dåpsskulen får ei orientering om nattverden. Presten har ein liten undervisningsbit om nattverden i gudstenesta, slik at barna veit kva nattverd er og korleis det føregår i praksis.

Det er og vedlagt ei orientering om nattverden i invitasjonen, slik at barna og dei føresette kan snakka om nattverden på førehand.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet kjenner seg verdifull og unik, skapt og elska av Gud.

Barnet skal læra og kjenna at det er skapt i Guds bilete til fellesskap med Gud og kvarandre.

Barnet skal læra å kjenna at Gud bryr seg om det.

Barnet skal læra og oppleva at bibelforteljingane er aktuelle i dag.

Barnet lærer at gud er sterk og står på dei svake si side.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Tekstar:

Moses og tornebusken

David og Goliat

Jonas i fiskebuken

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Oppleva at Gud er sterk og står på dei svake si side.

Arbeidsmåtar

Gudsteneste med nattverd.

Høve til å delta i nattverden

Dela ut bok, «Forteljingar frå Bibelen» ,Verbum)

Fellesskap gjennom kyrkjeaffi

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Valestrand og Førde

	Tal	Oppslutning
7- år	0	0% av 17
8- år	3	20% av 15
Totalt oppmøte: 3		Total oppslutning: 9% av 32

Kommentar til oppslutninga

Her er det dåpsskulebarna som er talde med. Tårnagentane er oppgitt under Tårnagenthelg, då gudstenesta er ein del av denne. Dåpsskulebarna blir presentert og tek del i denne gudstenesta

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Valestrand og Førde

	Antall
Ansatte	3
Frivillege	2

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

8

Det er 62 medlemmer i aldersgruppa 8 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barnet ser seg som ein verdfull del av fellesskapet, i leik, måltid, aktivitetar og samlingsstund.

Barnet opplever og erfarer kva godt vennskap er.

Barnet kjenner det kristne tilgjevingsomgrepet.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 1

Totalt tal på timar for alle samlinger: 8

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 8

Ansvarleg

Trusoppplærar, evt kyrkjelydsped. Frivillige medarbeidarar. Konfirmantar og MILK-deltakarar.

Kommentarar

Aktivitetsdagen vil bli arrangert på skulane sin planleggingsdag i januar, evt mars Lokale: Soknehuset.

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet kjenner seg verdifull.

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Salme: Jeg vil gjerne ha en venn

Liturgi – den treeinige Gud

Luk 5, 17-26

Tema: vennskap, å bera kvarandre.

Tore Thomassen: "De heiste ned en mann"

Jesus og Sakkeus - Luk 19

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Å vera venner og vera med og "bera kameratane våre"

Hjelpe kvarandre og tilgi kvarandre.

Arbeidsmåtar

Frukost

Verkstad - ulike typar aktivitetar - også fysisk aktivitet med tur og uteleik.

Forteljingsstund med enkel liturgi og salme/sang

Lunsj

Film med tema tilgjeving

Tur

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
8- år	17	36% av 47
Totalt oppmøte: 17		Total oppslutning: 36% av 47

Kommentar til oppslutninga

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

0

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	2
Frivillige	4

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Kva fungerte bra? Kva kan bli betre? Tips til neste år?

Mange av barna som kjem på Aktivitetsdagen, er ukjende for leiarane, og deltar berre på denne dagen. Eit tilbod på ein kvardag, midt i arbeidstida på ein av skulen sine planleggingsdagar er utfordrande å skaffa vaksne til. Me fekk vaksne til å laga til frokost, men vanskeleg å få vaksne frivillige til å vera med på aktivitetar saman med barna.

Det vil sannsynlegvis ikkje bli arrangert Aktivitetsdag vidare. Me vil heller satsa ressursane på tiltak der me møter barna gjennom fleire samlingar og slik har høve til å skapa relasjonar.

Aldersgruppe

8

Det er 62 medlemmer i aldersgruppa 8 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Barna kjenner fellesskap og har gode opplevingar i kyrkja. Dei blir kjende med kyrkjeskattane, tårnet og kyrkjeklokkene.

Barna lærer at Bibelen har budskap som gjeld deira liv.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 2

Totalt tal på timar for alle samlinger: 8

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 8

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog og frivillige medhjelparar. I gudstenesta sokneprest, kyrkjetenar og kantor

Kommentarar**Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring**

Barna blir trygge i kyrkjerommet.

Dei ser seg sjølv som eit medmenneske som kan hjelpa andre.

Dei opplever å høyra til og få eigarforhold til kyrkja

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

Dei blir kjende med kyrkjebygget og det som vi kallar skattar i kyrkja

Bibelen

Nattverden

Tema/innhald: Kristen tru i praksis

Nestekjærleik - å bry seg om andre

Spre Guds kjærleik til medmenneske

Medverka i gudsteneste

Delta i nattverden

Arbeidsmåtar

Sporleik

Leita etter kyrkjeskattar eik og aktivitet

Drama

Bibelforteljing

Måltid

Gudsteneste med nattverd

Blei tiltaket gjennomført som planlagt?

Ja

Oppslutning

Sveio

	Tal	Oppslutning
8- år	5	11% av 47
Totalt oppmøte: 5		Total oppslutning: 11% av 47

Kommentar til oppslutninga

Ei fin gruppe, sjølv om det var få. Fekk tid til, og sett kvar enkelt born. Var ei positiv oppleving.

Kor mange deltakarar fikk individuell tilrettelegging?

Medarbeidarar

Sveio

	Antall
Ansatte	2
Frivillege	1

Er det gjennomført evaluering blant deltakarane?

Nei

Aldersgruppe

8-9

Det er 118 medlemmer i aldersgruppa 8-9 år

Mål - Kva er formålet med tiltaket?

Å gi barna eit kontinuerleg tilbod der dei møter den kristne bodskapen gjennom forteljingar frå Bibelen, hugseord, bønn, kristne barnesangar og fellesskap i måltid, samling og leik.

Barnet får eit tilbod etter skoletid ein av skuledagane i veka i ein periode på 9-10 veker i løpet av semesteret.

Omfang

Tal på samlingar/samvær : 9

Totalt tal på timar for alle samlinger: 18

Totalt tal på timar samla for målgrupper: 36

Ansvarleg

Kyrkjelydspedagog, trusopplærar, sokneprest

Kommentarar

Etter skoletid starta opp som kontinuerleg tiltak hausten 2022, då me ser at årlege punkttiltak er utilstrekkeleg utan at barna har eit tilbod om kristen opplæring elles i året.

Tiltaket blir gjennomført ein dag i veka i ein 8-10 vekers periode i hausthalvåret, frå tidleg oktober til tidleg desember, og tilsvarande i vårhalvåret, frå tidleg februar til påsketider

Tema/innhald: Livstolking og livsmeistring

Barnet får læra å kjenna Jesus som ein som har guddommeleg makt og som har kjærleik til og omsorg for mennesket.

Barnet får sjå og oppleve at Gud er tilstades i livet

Barnet får erfara vennskap og fellesskap

Barnet erfarer at det kan be Gud om hjelp

Barnet erfarer at det kan gi og få tilgjeving

Tema/innhald: Tru og tradisjon i kyrkja

